



ETNE KOMMUNE

# PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR

Ein rettleiar i arbeid med førebygging og oppfølgjing



Foto: Shutterstock

Etne kommune 2015

*Vedteken i komité Drift 04.06.2015*

# INNHALDSLISTE

<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
<b>I. RETT OG PLIKT TIL OPPLÆRING .....</b>	<b>4</b>
<b>II. ULIKE TYPAR FRÅVÆR .....</b>	<b>5</b>
1. <i>DOKUMENTERT FRÅVÆR.....</i>	5
2. <i>UDOKUMENTERT FRÅVÆR.....</i>	5
3. <i>SKULEVEGRING- PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR .....</i>	5
<b>III. UTVIKLING AV ALVORLEG SKULEFRÅVÆR.....</b>	<b>6</b>
3.1 <i>TIDLEG INNSATS.....</i>	6
3.2 <i>FUNKSJONAR TIL PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR .....</i>	6
3.3. <i>DEN VONDE SIRKELEN VED PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR.....</i>	7
3.4 <i>TIDLEGE TEIKN PÅ PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR .....</i>	8
<b>IV. TVERRFAGLEG SAMARBEID OG TIEPLIKTA.....</b>	<b>9</b>
<b>V. FØREBYGGJANDE ARBEID PÅ SKULENIVÅ .....</b>	<b>9</b>
<b>SKULEN HAR ANSVAR FOR Å UTVIKLA OG IVARETA RELASJONELL KONTAKT MED ELEV OG FORELDRE OG GJERA EI AKTIV KARTLEGGING AV SKULEKVARDAG OG SKULEVEG. FØRESETNAD ER OGSÅ AT SKULEN KJENNER EVENTUELLE SPESIFIKKE VANSKAR HOS ELEVAR OG KORLEIS DETTE KAN VERKA INN. ....</b>	<b>9</b>
1. <i>SKULEN SIN HANDLINGSPLAN VED FRÅVÆR .....</i>	9
2. <i>PRINSIPP OG RETNINGSLINJER I FØREBYGGJANDE ARBEID:.....</i>	10
3. <i>RETNINGSLINJER VED PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR: .....</i>	10
<i>SJEKKLISTE FOR SYSTEMATISK OPPFØLGJING.....</i>	12
<b>VI. DOKUMENTASJON - BEKYMRINGSMELDING TIL BARNEVERNET .....</b>	<b>13</b>
<b>VII. DOKUMENTASJON VED POLITIMELDING .....</b>	<b>13</b>
<b>VIII. VERKTØY TIL FØREBYGGING OG TIDLEG INNSATS.....</b>	<b>13</b>
1. <i>Vedlegg: RISIKOFAKTORAR OG BESKYTTANDE FAKTORAR .....</i>	13
2. <i>Vedlegg : ROLLER I TVERRFAGLEG SAMARBEID .....</i>	14
3. <i>Vedlegg: SJEKKLISTE FOR SKULEN SI KARTLEGGING .....</i>	16
4. <i>Vedlegg: SAMARBEIDSAVTALE .....</i>	19
5. <i>Vedlegg : «SJEKK INN - SJEKK UT».....</i>	20

6. Vedlegg: SAMTYKKEERKLÆRING .....	21
7. Vedlegg: TILTAKSLOGG.....	22
<b>IX. KJELDER:.....</b>	<b>23</b>
<b>X. PROSEDYRE: FRITAK FRÅ OPPLÆRINGSPLIKTA.....</b>	<b>24</b>
<b>XI. SAKSPAPIR – ADM.VEDTAK.....</b>	<b>25</b>
<b>XII. SAMTYKKEERKLÆRING.....</b>	<b>27</b>

## INNLEIING

Alle born i Noreg har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Opplæringa har som mål å førebu og rusta born og unge for møtet med samfunnet og utfordringar gjennom livet. Det er kommunen si plikt å syta for at alle born i grunnskulealder får retten til opplæring etter gjeldande lovverk.

Stort skulefråvær er ei aukande utfordring i Etne kommune. Forsking viser at kunnskap, førebygging, tidleg oppdaging og gode tiltak kan vera avgjerande for at dette ikkje utviklar seg til ein negativ sirkel. Det kan vera ulike grunnar til skulefråvær. Om fråværet får utvikla seg, kan dette føra til at rett og plikt til opplæring for barnet ikkje vert oppfylt. Også ved legedokumentert sjukdom skal ein kartleggja om det er mogeleg å leggja til rette for opplæring. Fritak kan i enkelte situasjonar bli gitt for kortare eller lengre periodar. Eit vedtak om fritak frå grunnskuleopplæringa vil gje rett til å få igjen tilsvarande opplæring på eit seinare tidspunkt.

Nokre gonger greier eleven, heimen og skulen å finna ut kva som skal til for å få eleven tilbake på skulen. Andre gonger treng eleven, heimen og skulen støtte frå andre tenester i kommunen. Desse har plikt til å samarbeida til det beste for eleven. Kommunen har gjennom denne rettleiaren mål om godt førebyggjande arbeid, tidleg innsats og rettleiing om korleis skulefråvær skal følgast opp.

### Arbeidet med denne rettleiaren bygger på:

- Opplæringslova med forskrifter
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- Kommunale rutinar ved overgang mellom barnehage og skule og ved overgang til vidaregåande skule
- Rutinar for samarbeid mellom heim og skule
- Handlingsplan mot mobbing for skulane i Etne

### Alt arbeid med barn og unge i kommunen er forplikta på haldningar og verdiar:

- Alle barn og unge har behov for og rett til å bli sett og oppleva meistring
- Føresette er ansvarlege for borna sitt liv og oppvekst
- Etne kommune sin innsats byggjer på respekt for og dialog med føresette
- Tilsette som ser at born har behov for omsorg og støtte, har medansvar for at barnet får hjelp etter sine behov

- Arbeidet for born og unge byggjer på tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid, der ein tek utgangspunkt i dei ressursane born og føresette har
- Tilsette fokuserer på nærmiljøet som ressurs for born og unge

## **I. RETT OG PLIKT TIL OPPLÆRING**

Opplæringslova §2-1 regulerer barn og unge si plikt og rett til grunnskuleopplæring i ti år.

*Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskuleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikta kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskuleopplæring eller gjennom anna, tilsvarende opplæring.*

### **ELEVEN OG FORELDRA SINE RETTAR OG PLIKTER, OG KOMMUNEN SINE PLIKTER**

Alle born som oppheld seg i Noreg, har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Retten og plikta til grunnskuleopplæring kan oppfyllest på fire ulike måtar:

1. Offentleg grunnskule
2. Privat heimeundervisning
3. Privat grunnskule godkjent etter privatskulelova
4. Privat grunnskule godkjent etter opplæringslova

Kommunen si plikt til å oppfylla elevar sin rett til grunnskuleopplæring vert omhandla i opplæringslova §13-1. Tilsvarende avgjerd finst i privatskulelova §5-2, andre ledd. Opplæringslova § 13-10 og privatskulelova § 5-2 tredje ledd omhandlar ansvaret nærare. Foreldre står i utgangspunktet fritt til å velja korleis retten og plikta til grunnskuleopplæringa skal oppfyllest, men foreldre kan ikkje velja ein kombinasjon av desse.

Kommunen eller rektor kan gje ein elev permisjon frå grunnskuleopplæringa i inntil to veker. Føresetnaden er at det er forsvarleg å gje eleven permisjon. Rektor kan ikkje gje permisjon utover to veker om gongen. Dersom foreldre ynskjer å ta barnet sine ut av skulen lengre enn dette og dei oppheld seg i Norge, gjeld reglane om privat heimeundervisning. Retten til spesialundervisning fell vekk ved privat heimeundervisning.

Hovudregelen er at det er kommunen som skal oppfylla retten til grunnskuleopplæring, enten det er ordinær opplæring eller spesialundervisning. Kommunen har difor eit oppfølgjingsansvar dersom ein elev ikkje møter på skulen.

- Opplæring kan som unntak gjevast heime. Dette gjeld særleg ved overgang frå sjukehusopphald, og der eleven ikkje er i stand til å følgja ordinær opplæring. Tiltaket må vera avgrensa i tid. For elevar som nektar/ vegrar seg, kan opplæring heime vera ein oppretthaldande faktor.
- Fritak frå opplæring i fag eller frå all opplæring etter opplæringslova §2-1, 4.ledd: *Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skuleåret. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen heilt eller delvis vedta å fritta ein elev for opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det. Eit slikt fråvær krev dokumentasjon frå lege og gjeld ved alvorleg sjukdom. Vedtak etter §2-1 4.ledd, kan gje born og unge rett til å få*

opplæringa igjen. Kommunen har laga eigen prosedyre og vedtak blir gjort av kommunalsjef.

## II. ULIKE TYPAR FRÅVÆR

Fråvær kan delast i dokumentert og udokumentert fråvær.

### 1. DOKUMENTERT FRÅVÆR

- Dokumentert fråvær innvilga av skulen.<sup>1</sup>
- Dokumentert fråvær av helsemessige årsaker, der foreldre har meldt frå til skulen<sup>2</sup>.

Det er kun desse fråværsgrunnane som vert godtekne i grunnskulen, grunna opplæringsplikta. Opplæringsplikta medfører at eleven i utgangspunktet skal delta i opplæringa. Dersom ein elev skal vera borte, skal foreldre ha søkt om permisjon. Permisjonen skal vera forsvarleg.

### 2. UDOKUMENTERT FRÅVÆR

- Fråvær som foreldre ikkje har meldt frå om.
- Fråvær som varar lengre enn det skulen har gjeve eleven permisjon for.

Det blir rekna som ugyldig fråvær at ein elev kjem for seint, er borte frå enkelttimar utan permisjonssøknad eller vegrar seg/nektar å gå på skulen.

### 3. SKULEVEGRING- PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR

Kommunen har ansvar for å oppfylle elevane si opplæringsplikt og opplæringsrett. Om eleven er lenge borte frå opplæringa, om det gjeld dokumentert eller udokumentert fråvær, vert dette problematisk.

Kommunen har difor laga retningslinjer og prosedyrar, slik at plikta kommunen har, skal bli ivareteken. Nokre elevar nektar/vegrar seg for å gå på skulen. Definisjonar har utvikla seg over år, der forskinga no har samla seg om omgrepet “Problematisk skulefråvær”

SKULEVEGRING er i forskning definert som “*Vegring initiert av barnet mot å gå på skolen, bli der hele skoledagen, eller en kombinasjon av begge*” (Kearney 2001) eller “*Vansker med å gå på skolen, assosiert med følelsesmessig ubehag, spesielt angst og depresjon*”(King og Bernstein 2001). “*Skolefobi er en spesiell form for emosjonell forstyrrelse*”(Hertz 2011)

### PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR

Kearney (2009) definerer problematisk skulefråvær som:

- Fråvær 25% av skuletida dei siste to vekene
- Alvorlege vanskar med å gå på skulen i minst to veker der vegringa påverkar kvardagen til barnet eller familien i stor grad.
- Barnet har hatt 10 dagar eller 15% fråvær over dei siste 15 vekene.

<sup>1</sup> Kommunen kan gje elevpermisjon frå grunnskuleopplæringa inntil to veker, jmf. opplæringslova §2-11

<sup>2</sup> Når eleven er borte av helsemessige årsaker, er melding frå foreldre gyldig dokumentasjon. Skulen kan krevja legemelding for langvarig fråvær, og foreldre og elev kan krevja at sjukefråvær ikkje blir ført på vitnemålet. I slike situasjonar kan ein elev bli fritteken frå opplæringa etter opplæringslova §2.1-4.ledd.

Problematisk skulefråvær vil heretter bli brukt som hovudomgrep, der vegring er ein del av dette.


### III. UTVIKLING AV ALVORLEG SKULEFRÅVÆR

Det kan vera fleire årsaker til at enkelte elevar utviklar problematisk skulefråvær, og problematikken er som regel samansett (Ingul 2005). Vi veit at årsakene til problematisk skulefråvær både er individuelle og relasjonelle; ofte kan dei ikkje skiljast tydeleg frå kvarandre.

Problematiske skulefråvær rammar opp mot 5% av born og unge. Dette fører med seg negative konsekvensar på kort og lang sikt for både born og vaksne; også samfunnsøkonomisk. Problematiske skulefråvær er ingen diagnose, men bak denne unngåingsåtferda kan det skjula seg symptom som utgjer ein diagnose. Angstspekteret utgjer største gruppa og om lag halvparten av born med problematiske skulefråvær opplever angstsymptom i ulik grad. På same tid har ein tredjedel ikkje ein diagnose (Kearney 2008). Det er like mange jenter som gutar som slit med problematiske skulefråvær (Kearney 2001). Det er ikkje funne samheng mellom problematiske skulefråvær og sosioøkonomisk bakgrunn. Forsking peikar på at problematiske skulefråvær oppstår uavhengig av elevar sine generelle læreføresetnader (Thambirajah, Gradison & De-Hayes 2008). Problemet kan oppstå gjennom heile den opplæringspliktige alderen, med auka risiko ved skulestart, ved skulebyte, etter feriar eller etter periodar med sjukdom. Situasjonen kan oppstå gradvis eller meir plutsleg.

#### 3.1 TIDLEG INNSATS

Problematiske skulefråvær kan ikkje isolerast til eit enkeltstående problem for den enkelte elev, men må sjåast i samheng med eleven sine relasjonar og totale opplærings situasjon. Ein får då eit bilete av ein problematiske skulefråværs situasjon med mange faktorarar. I eit heilskapleg perspektiv finn ein løysingane i samarbeid mellom elev, føresette, skule og eventuelt hjelpetenester. Prognosen er betre dess raskare vanskane vert handtert og dess mindre fråvær eleven har frå skulen. Det er også betre prognosar dess yngre barnet er (Kearney 2001). Problemet kan gå over av seg sjølv. Hovudregel er at det bør vera låg terskel for tidleg innsats. Det vil variera kor intensivt og kor lenge det er naudsynt å gjennomføra tiltak for å få ei positiv utvikling. Det er viktig å anerkjenna dei individuelle vanskane, og vera merksam på at partane rundt eleven både kan beskytta mot eller vedlikehalda problemet. Det er viktig at alle partar; elev, føresette, skule og eventuelt andre hjelpeinstansar medverkar til ei løysing ved å ta sin del av ansvaret. Å hjelpe eleven tilbake til skulen kan virka behandlande i seg sjølv. Der er viktig at ein leitar etter gode tiltak tilpassa den enkelte situasjon og at ein unngår handlingslamming (Ingul 2005). Der er også særst viktig å vera merksam på om foreldre har trong for styrking av foreldrerolla i situasjonen.



#### 3.2 FUNKSJONAR TIL PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR

Kearney og Silvermann (1996) meiner det er nyttig å sjå på kva for funksjon fråværet kan ha for den enkelte elev. Kva er det som bidrar til vansken eller kva er det som motiverer eleven for å fortsetja å

vera fráværande frá skulen? Kearney og Silverman (1996) har delt funksjonen til problematisk skulefrávær opp i fire undergrupper, basert på born og unge sin motivasjon for å unngå negative opplevingar og oppnå positive opplevingar. Dei fire gruppene er bygd på læringsteori. Læringsteori skildrar blant anna korleis åtferd vert oppretthalden og forsterka ut frå dei konsekvensane åtferda får.

**Funksjonen til problematisk skulefrávær- fire undergrupper:**

Unngå negative opplevingar	<p><b>1. Unngå stimuli som vekker negativ affekt eller emosjonelt ubehag.</b>                  Vegringa er knytt til generelt ubehag i skulesituasjonen; som til dømes skuleskyss, korridorar, toalett eller rom på skulen. Ved å unngå skulen og den negative opplevinga, blir åtferda oppretthalden og forsterka. I nokre situasjonar vil ubehaget vera knytt til bestemte situasjonar som eleven vil unngå, som t.d. skuleplassen, ein bestemt vaksen, gymsalen m.m.</p>
	<p><b>2. Unngår sosiale situasjonar eller evaluering som kan vera ubehageleg.</b>                  Ubeghelege situasjonar kan vera at lærar blir opplevd som streng eller uvennleg. Medelevar kan opplevast ubeghelege, vera brautande, dominerande eller støyande. Mobbing kan vera ein del av dette. Det kan vera situasjonar som inneber evaluering, prøvar, høgtlesing, presentasjonar, kroppsøving og symjing, garderobe og dusj, eting og i situasjonar der ein elev må eksponera seg på ein eller annan måte. Nokre elevar har mykje frávær frå timar med open struktur eller annleisdagar. Fráværet har ofte samanheng med generalisert og sosial angst.</p>
Oppnå positive opplevingar	<p><b>3. Oppnå merksemd frå foreldre/føresette eller viktige personar.</b>                  Eleven ynskjer vera heime for å oppnå merksemd frå foreldre eller andre viktige personar. Dette kan påverka foreldre sin omsorg for søsken og kan påverka korleis foreldre fungerer i eit arbeidstilhøve. Den positive konsekvensen av å bli heime vil oppretthalda og forsterka eleven si vegring mot å gå på skulen.</p>
	<p><b>4. Oppnå gode utanfor skulen.</b>                  Eleven blir heime for å oppnå noko positivt. For mange born og unge er det meir attraktivt å sjå på TV, vera på internett, spela PC-spel, liggja lenge om morgonen, shopping, rus m.m. Eleven ynskjer rett og slett fridom til å disponera si eiga tid. Den positive konsekvensen av å bli heime vil oppretthalda og forsterka eleven si vegring for å gå på skulen.</p>

Oversikt basert på Kearney (2001)

**3.3. DEN VONDE SIRKELEN VED PROBLEMATISK SKULEFRÁVÆR**



Modell omsett frå Thambirajah m.fl.(2008:32)

Dei fleste elevane har frávær frå opplæringa i løpet av grunnskulen. For nokre elevar vil fráværet på eit tidspunkt gå frå å vera naturleg til å bli problematisk. Konsekvensen av fráværet er at eleven misser undervisning som eleven rettmessig har krav på. Alvoret aukar med omfanget av fráværet. Konsekvensen av ofte eller langvarig frávær, vil kunna føra til svake grunnleggande dugleikar og læringsresultat. Dette kan på lang sikt redusera grunnlag for framtidig utdanning, arbeid, helse og livskvalitet.

## Målet er å få eleven tilbake på skulen så raskt som mogeleg

### 3.4 TIDLEGE TEIKN PÅ PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR

For å vera merksam på elevar som står i fare for å utvikla problematisk skulefråvær, er det viktig å kjenna tidlege teikn, årsaker, risiko- og beskyttelsesfaktorar (vedlegg 1)<sup>3</sup>. Dette gjev eit grunnlag for å tilnærma seg skulefråvær. I arbeid med denne problemstillinga er det avgjerande kva haldningar den einskilde vaksenpersonen har til elev, foreldre og samarbeidspartar. **ALVORLEG FRÅVÆR**

- *Forseintkoming, 3 gonger for seint pr. månad*
- *Fråvær 1 enkelttime, utan melding*
- *Fråvær 3 enkeltdagar ein månad*
- *Høgt fråvær, meir enn 10 dagar i halvåret*
- *Eleven møter på skulen, men går igjen*
- *Eleven klagar over diffuse plager*

#### TEIKN HJÅ ELEVEN

- *Er ekstremt inneslutta eller sjenert*
- *Er svært utrygg ved skulestart, etter skulebyte, og ordinære tiltak for å trygga eleven hjelper ikkje*
- *Snakkar aldri høgt i klassen*
- *Snakkar ikkje med vaksne/medelevar eller kun med utvalde vaksne/medelevar*
- *Er ofte åleine i friminutt*
- *Er avhengig av at ein bestemt vaksen/medelev er til stades i friminuttet*
- *Har ofte fysiske plager, for eksempel vondt i magen eller hovudet*
- *Gjev nonverbalt eller verbalt uttrykk for å vera nedstemt, viser redsel generelt eller viser redsel knytt til spesifikke situasjonar på skulen*
- *Trekkjer seg tilbake frå sosiale situasjonar og/eller skulerelaterte aktivitetar*
- *Viser utagerande åtferd, for eksempel sinne i situasjonar som stiller krav i skulekvardagen*
- *Viser motstand mot å delta eller prøver å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen (kroppspøving, tur m.m.)*
- *Ringjer ofte heim i skuletida eller ynskjer å gå heim i løpet av skuledagen*

#### BEKYMRING HJÅ FORELDRE

- *Tek kontakt med skulen fordi eleven gjev uttrykk for at han/ho ikkje vil gå på skulen*
- *Blir verande lenge i leverings situasjonen eller vil vera med inn i klasserommet utover det som er ordinære rutinar*
- *Ringjer eleven i skuletida gjentekne gonger for å sjekka at eleven har det bra*

<sup>3</sup> 1. Vedlegg: Risikofaktorar og beskyttande faktorar



## IV. TVERRFAGLEG SAMARBEID OG TEIEPLIKTA

Uro for eit barn skal alltid drøftast med foreldre/føresette. Det er viktig å løysa kvar sak på lågast mogeleg nivå og ein skal difor alltid prøva å løysa eit problem gjennom godt samarbeid og kommunikasjon mellom heim og skule. Motløysa breier seg lett om ingen av tiltaka som blir prøvd ser ut til å virka. Det å arbeida systematisk over tid og "løfta" ilag gjennom tverrfagleg samarbeid, samstundes, gjev best resultat. Tiltaka kan vera samtalar med elev, tilrettelegging på skulen, rettleiing av foreldre, familierterapi m.m. Alle involverte instansar møter i samarbeids-/ansvargruppe saman med foreldre og evt. eleven. Saka blir ikkje avslutta før eleven er tilbake på skulen. I det tverrfaglege arbeidet har ein ulike roller, sjå vedlegg 2<sup>4</sup>.

Teieplikta gjeld i tverrfagleg samarbeid. Foreldre har ansvar og mynde for eige barn. Om ein skal kommunisera eller samarbeida om eit barn, skal dette skje i forståing med foreldre/føresette. Om ein skal kommunisera eller samarbeida på tvers av tenesteområde, må ein innhenta informert og skriftleg samtykke frå foreldre/føresette. Ingen skal dela meir informasjon enn det som tener saka. Samtykkeskjema; vedlegg 7<sup>5</sup>.

## V. FØREBYGGJANDE ARBEID PÅ SKULENIVÅ

Skulen har ansvar for å utvikla og ivareta relasjonell kontakt med elev og foreldre og gjera ei aktiv kartlegging av skulekvardag og skuleveg. Føresetnad er også at skulen kjenner eventuelle spesifikke vanskar hos elevar og korleis dette kan verka inn.

### 1. SKULEN SIN HANDLINGSPLAN VED FRÅVÆR

#### FØRING AV FRÅVÆR

- Det er skulen sitt ansvar å ha system for registrering av fråvær hjå elevane.
- Kontaktlærer har dagleg ansvar for at dette blir gjort - og å ha oversikt over fråværet.
- Timelærarar har dagleg ansvar for å føra fråvær.

#### KONTAKT MELLOM SKULE OG HEIM OM FRÅVÆR

- Førsette skal gje grunngjeven melding til skulen ved alle typar fråvær. Melding skal skrivast i meldingsboka til eleven.
- Foreldre skal søka eleven fri på førehand.
- Førsette skal kontakta skulen seinast 3.fråværsdag og melda frå om årsaka til fråværet.
- Dersom førsette ikkje tek slik kontakt, skal kontaktlærer ta kontakt med førsette til eleven 3.fråværsdag. Ved uro for fråværet blir rektor informert.
- Kontaktlærer informerer heimen same dag ved alt ugyldig fråvær, d.v.s fråvær utan melding eller utan gyldig grunn. Rektor blir informert.
- All kontakt med førsette og/eller elev knytt til fråvær, skal førast i tiltakslogg.

#### RUTINAR FOR OPPFØLGJING AV ALVORLEG FRÅVÆR

<sup>4</sup> 2. Vedlegg: Roller i tverrfagleg samarbeid

<sup>5</sup> 7. Vedlegg:: Samtykkeskjema ved tverrfagleg samarbeid

- Skulen følgjer prinsipp, retningslinjer og tiltak knytt til problematisk skulefråvær.

#### DRØFTING AV FRÅVÆR

- Leiinga ved skulen går gjennom fråværsføringa og skulen sitt samla elevfråvær 3 x i året.
- Når skulen er bekymra for fråvær hjå einskildelevar, kallar leiinga inn kontaktlærar til drøftingsmøte der tiltak blir diskutert. Tiltak må setjast inn raskt.

#### 2. PRINSIPP OG RETNINGSLINJER I FØREBYGGANDE ARBEID:

- Rektor informerer foreldre om gjeldande regelverk og om opplæringsplikta ved overgang barnehage / skule, ved overgangar gjennom skuleåra, til FAU, SU og gjennom skulen sine informasjonskanalar. Minoritetsspråklege foreldre må også sikrast slik informasjon. Krav til foreldresamarbeid, også varsling, er omhandla i forskrift til opplæringslova § 20-3 og forskrift til privatskulelova kap 4.
- Kontaktlærar informerer om rutinar og fråværsoppfølging ved oppstart kvart skuleår.
- Den som har foreldreansvar, har plikt til å få barnet på skulen.
- All uro for elev skal takast opp med heimen. Møte og tiltak skal dokumenterast i referat frå møte, og med Tiltakslogg, vedlegg 6<sup>6</sup>.
- Heilskapleg forståing (“24-timarsbarnet”, familie, skule evt andre instansar).
- Anerkjenna eleven si oppleving av situasjonen.
- Kartleggja årsaker og oppretthaldande faktorar, jmf. vedlegg 1: Risiko og beskyttande faktorar og vedlegg 4: Sjekkliste for kartlegging.
- Analyse og tiltak ut frå kartlegging.
- Haldninga hjå alle involverte må vera at eleven skal gå på skulen.
- Alle har ansvar for å hjelpa foreldre med å få eleven tilbake på skulen.
- Systematisk og vedvarande innsats: Alle involverte partar må forplikta seg til å følgja saka over tid.

#### 3. RETNINGSLINJER VED PROBLEMATISK SKULEFRÅVÆR:

- Om ikkje eleven møter på skulen, blir heimen kontakta.
- Skulen tilbyr straks heimebesøk dersom eleven ikkje vil gå på skulen.
- Om eleven har problematisk fråvær, tek skulen initiativ til samtale med elev og foreldre/føresette.
- Om barnet kjem inn i opplæring igjen, er saka løyst.
- Om eleven ikkje møter på skulen vert saka tilvist PPT, evt andre instansar.
- Det blir etablert samarbeids-/ansvarsgruppe og koordinator.
- Dersom skulen vurderer at fråværet er grunngeve i omsorgssituasjonen, blir saka meldt til barnevernstenesta.
- Avklara rolle- og ansvarsdeling i arbeidet.
- Ha jamnlege møte med alle involverte partar gjennom samarbeids- /ansvarsgruppemøte:
  - Skapa felles problemforståing- felles målsetjing.

---

<sup>6</sup> 7. Vedlegg: Tiltakslogg

- Analyse: Kartlegging og ressursar kring barnet/ungdommen.
- Avtala møte og gjennomføring av tiltak. Elevar med skulevegning skal “ha på seg sko” og motta opplæring utanfor heimen i overgangsfase tilbake til skulen.
- Setja i verk tiltak, samordna- og framleis sikra og utvikla felles problemforståing.
- Evaluering- halda fram med tiltak, eventuelt nye tiltak inn i plan.

## SJEKKLISTE FOR SYSTEMATISK OPPFØLGJING

			Notat
1	<p>KARTLEGGING OG VURDERING AV FAGLEG OG SOSIALT MILJØ der ein fokuserer på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fråvær og fråværsmonster</li> <li>- Fagleg kartlegging</li> <li>- Kartlegging av psykososialt miljø</li> </ul> <p>Bruka verktøy i vedlegg 3: Sjekkliste for skulen</p>	<p><i>Alle skular har plikt til fråværsføring.</i></p>	
2	<p>ELEVSAMTALE</p> <p>Bruka verktøy i vedlegg 3: Kartleggingssamtale med elev</p>	<p><i>Det er viktig å visa eleven at eleven er sett og ikkje er åleine om dette, at læraren bryr seg</i></p>	
3	<p>SAMTALE MED FORELDRE/ FØRESETTE</p> <p>Om skulen eller foreldre/føresette framleis er uroa over fråværet til eleven, blir det avtalt møte med kontaktlærer på skulen. Bruka verktøy i vedlegg 4: Kartleggingssamtale med foreldre/føresette.</p>	<p><i>Elev, foreldre og skule samarbeider med mål om å løysa saka raskt gjennom tiltak.</i></p>	
4	<p>NYTT MØTE MED FORELDRE/ FØRESETTE</p> <p>Dersom situasjonen ikkje betrar seg, gjer ein avtale om nytt møte der også rektor, evt. inspektør, er med på møtet.</p>	<p><i>Skulen skriv referat frå kvart møte. Foreldre/føresette får kopi. Avtal nytt møte. Etter 3.møte skal saka meldast vidare.</i></p>	
5	<p>STRAKSTILTAK:</p> <p>Skulen tilbyr heimebesøk kvar morgon. Heimebesøket er avtala på førehand med foreldre/føresette. Målet er ikkje å henta eleven, men å skapa ei forventning til at eleven kjem på skulen. Bodskapen skal formidlast roleg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- eleven har plikt å møta på skulen</li> <li>- eleven er sterkt ønska på skulen</li> <li>- om eleven ikkje møter neste dag, blir dette gjentatt. Eit heimebesøk varer 10-20 min.</li> </ul> <p>Ofte vil skulen oppleve at eleven låser seg inne. Det skal ikkje gjerast forsøk på å ta ut elevar med makt eller låsa opp dørar. Rektor er ansvarleg</p>	<p><i>Samarbeidspartar kan delta i konsultasjon, på initiativ frå skulen og på samtykke frå foreldre/føresette.</i></p> <p><i>Kan nytta "Samarbeidsavtalen", vedlegg 5</i></p>	
6	<p>Vurdera eleven sitt psykososiale miljø, jmf. opplæringslova §9a-3.</p>	<p><i>Skulen</i></p>	
7	<p>Tilvisa saka til PPT.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppretta ansvarsgruppe og kontaktperson.</li> <li>- Følgja saka opp med samarbeidsavtale (Vedlegg 5)<sup>7</sup>. Bruka samarbeidsavtalen aktivt, med plan A og plan B. Ha regelmessige møte. Bruka "Sjekk inn og sjekk ut" (Vedlegg 7)<sup>8</sup></li> </ul>	<p><i>Rektor samarbeider med foreldre om kor ein skal søkja hjelp utover tilvising til PPT.</i></p>	
8	<p>Tilvisa saka til barnevernstenesta</p>	<p><i>Dersom skulen uroar seg for heimesituasjonen, skal skulen ta dette opp med foreldre og melda saka direkte til barneverntenesta, med eller</i></p>	

<sup>7</sup> 5. Vedlegg: Samarbeidsavtalen

<sup>8</sup> 7. Vedlegg: Sjekk inn og sjekk ut

		<i>utan samtykke.</i>	
9	EVALUERING OG VIDARE TILVISING Vurdera vidare tilvising til BUP, i samråd med foreldre.	<i>Gjeld om ein ikkje får utviklinga ein forventar.</i>	

## VI. DOKUMENTASJON - BEKYMRINGSMELDING TIL BARNEVERNET

Bekymringsmeldingar til barnevernet skal følgja reglane for “Teieplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn- ungdom – familiar” (KS 2013)

Viser til rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: “*Hvordan kommuner og skoler systematisk kan håndterer situasjoner der barn ikke møter i grunnskolen*”, datert 12.07.2011.

## VII. DOKUMENTASJON VED POLITIMELDING

Viser til rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: “*Hvordan kommuner og skoler systematisk kan håndterer situasjoner der barn ikke møter i grunnskolen*”, datert 12.07.2011.

## VIII. VERKTØY TIL FØREBYGGING OG TIDLEG INNSATS

### 1. Vedlegg: RISIKOFAKTORAR OG BESKYTTANDE FAKTORAR

ELEV	
Risikofaktorar	Beskyttande faktorar
<i>Psykiske vanskar, t.d. emosjonelle vanskar eller er psykisk sårbar for stress Eleven er bekymra for andre ting enn skulen Svært inneslutta, behov for svært mykje bekrefting og tryggleik, prestasjonsangst Uoppdaga lærevarskar eller utviklingsmessige vanskar Sjukdom eller diffuse plager</i>	<i>God sosial kompetanse, prososial dugleik og positiv sjølvhevding Gode meistringsstrategiar Positivt sjølvbilete Skulefagleg meistring Eleven har gode relasjonar på skulen- minst ein god venn</i>
FAMILIE	
Risikofaktorar	Beskyttande faktorar
<i>Psykiske vanskar eller liding hjå foreldre Vanskar med samspel i familien Vanskar med grensesetting Familien har lite støtte i sosialt nettverk Store endringar i familiesituasjonen, t.d. sjukdom, dødsfall, skilsmisse, arbeidsløyse, flytting Føresette har negative erfaringar med/og eller negative haldningar til skulen Rus; vald eller omsorgssvikt</i>	<i>God psykisk helse hjå føresette Tydeleg grensesetting Godt samarbeid mellom føresette; både mor og far er involvert i skulegangen til eleven Familien har støtte i sosialt nettverk Føresette samarbeider godt med læraren og skulen</i>
SKULE	

Risikofaktorar	Beskyttande faktorar
<p><i>Mangelfulle rutinar og lite konsekvent registrering, handtering og haldningar til fråvær</i></p> <p><i>Dårleg klasse- og læringsmiljø, mobbing, bruk av straff, liten grad av plan og struktur</i></p> <p><i>Mangelfulle rutinar for skule- heim-samarbeid</i></p> <p><i>Lite kontinuitet i opplæringa, tilfeldig overføring av informasjon, stort lærarfråvær, mykje lærrskifte</i></p> <p><i>Mangelfull kompetanse om psykiske vanskar og angst hjå barn.</i></p>	<p><i>Gode rutinar for å følgja opp fråvær</i></p> <p><i>God klasseleiing</i></p> <p><i>Tilpassa opplæring, realistiske forventningar til elevane og klare faglege mål</i></p> <p><i>God relasjon mellom lærar og elev</i></p> <p><i>God informasjonsflyt ved overgangar mellom barnehage- skule, ved lærarbyte og ved overgangar gjennom skuleåra</i></p> <p><i>Handlingskompetanse på intervensjon ved skulevegring</i></p> <p><i>Interne støttesystem på skulen, klar ansvarsdeling mellom kontaktlærar, sosiallærar, leiing. Etablerte samarbeidsrutinar med eksterne instansar</i></p>

## 2. Vedlegg : ROLLER I TVERRFAGLEG SAMARBEID

**SKULEN** har plikt til å gje elevar offentleg grunnskuleopplæring. Skulen skal sikra eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring: gje elevar tilpassa opplæring og samarbeida med heimen. Skulen skal ha rutinar og system for å førebyggja og oppdaga problematisk skulefråvær tidleg. Skulen skal syta for at tiltak knytt til stort skulefråvær blir følgd opp gjennom samarbeid med elev, føresette og andre involverte partar. Arbeidet må gjennomførast med analyse, skriftleg dokumentasjon, tiltak, grunngjeving, informasjon og evaluering. Skulen har plikt til å melda frå dersom ein er vitne til at elevar ikkje har det bra og ta tidleg kontakt med aktuelle samarbeidspartar ved behov for rettleiing, utgreiing av eleven sitt behov i opplæringa eller dersom skulen vurderer at det er behov for tiltak i heimen eller behandling for eleven. Opplæringslova §1-1, §2-1, §5, §9a, §9a-7, og §13-3 og Forvaltningslova §17, 23, 24 og 27

**PPT** er eit rådgjevande og sakkunnig organ i spørsmål som omhandlar born og ungdom i alderen 0-16 år og vaksne som har behov for spesialundervisning knytt til vaksenopplæring. PPT skal utarbeida sakkunnige vurderingar i forhold til spørsmålet om retten til spesialundervisning basert på om eleven kan få utbytte av den ordinære opplæringa, §5.1, eller i situasjonar der det er urimeleg at eleven skal følgja ordinær opplæring, jmf Opplæringslova §2-1 4.ledd. PPT skal arbeida på systemnivå med å leggja til rette for undervisning for alle elevar, fyrst og fremst gjennom rettleiing og rådgjeving. PPT kan delta i skulen sitt ressursteam, dersom skulen har dette. I saker med problematisk skulefråvær, kan PPT kartleggja eleven og delta på tverrfaglege møte/samarbeidsmøte og gje rettleiing til skule og føresette om tiltak.

**BARNEVERNET** skal medverka til at born og unge i alderen 0-18 år får trygge oppvekstvilkår og undersøkje korleis barnet sin kvardag er. Barnevernet skal sikra at born og unge som lever under tilhøve som kan skada helse og utvikling, får hjelp og omsorg i rett tid. Barnevernet kan gje tilbod om familierettleiing. Dette kan vera råd om rutinar i heimen, t.d. faste og gode måltid, leggetider, relasjonsrettleiing mellom barnet og foreldra, rettleia foreldra med å leggja til rette for leksearbeid, nettverksarbeid, MST-tiltak frå Bufetat m.v. I sær s alvorlege saker der barnet si helse og utvikling kan bli skada, familien ikkje samtykker til tiltak eller førebyggjande tiltak ikkje

virkar, må barnevernstenesta førebu sak til Fylkesnemda for barnevern og sosiale saker. Barnevernet kan tilvisa til spesialisthelsetenesta.

### **HELSETENESTA**

SKULEHELSETENESTA har ansvar for å samarbeida med foreldre/ skule om god helseutvikling for born i alderen 0-16 år og kan kontaktast dersom skulefråvær er grunngeve i fysiske eller psykiske plager.

HELSESTASJONEN har ansvar for systemretta arbeid og kan gje oppfølging av elevar med psykososiale vanskar i samarbeid med foreldre; samt å rettleia foreldre.

FASTLEGE har ansvar for å avklara eleven sin helsetilstand ved somatiske plager og evt. tilvisa eleven vidare til spesialisttenesta. Lege kan ikkje fritta ein elev frå opplæringsplikta.

BUP er eit poliklinisk helsetilbod innan psykisk helsevern som rettar seg mot born og ungdom under 18 år og familiane deira. Barnevernstenesta og fastlege kan tilvisa til BUP med samtykke frå foreldre. einskilde vaksenpersonen har til elev, foreldre og samarbeidspartar.

Born over 16 år må samtykka til tilvising til BUP. BUP kan ikkje fritta ein elev frå opplæringsplikta.





## SJEKKLISTE FOR KARTLEGGING – ELEV

SJEKKLISTE FOR INFORMASJON	NOTAT
Kva fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen er det eleven likar?	
Er det aktivitetar, fag eller situasjonar som eleven opplever som ubehagelege eller vanskelege? ( <i>Les høgt eller svara på spørsmål framfor klassen, ha prøvar, ha kroppsøving, fag der eleven må eksponera seg i ei gruppe, snakka med vaksne på skulen, be lærar om hjelp, jobba saman med eller leika med medelevar, bruka skulen sitt toalett, eta i klassen, dra heimefrå om morgonen, forlata foreldre, skulevegen..</i> )	
Har eleven vonde kjensler knytt til nokon av situasjonane ovanfor eller meir generelt i høve skulesituasjonen? Kva slags kjensler dreier det seg om? ( <i>trist, flau, redd, nervøs, engsteleg, sint</i> )	
Har elevar negative tankar knytt til nokre av situasjonane ovanfor eller meir generelt i høve skulesituasjonen? Kva er det eleven tenker? ( <i>bekymring, negative forventningar, tankar om kva som er skummelt eller vanskeleg</i> )	
Har eleven andre bekymringar eller har eleven opplevd noko utanom skulesituasjonen som han/ho er oppteken av?	
Blir eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller i fritida?	
Er det situasjonar eller aktivitetar utanfor skulen i skuletida som gjer det meir fristande for eleven å ikkje møta opp? ( <i>dataspel, møta venner, shopping, god mat, andre hyggelege ting som skjer heime</i> )	
Kva lærarar eller andre vaksne på skulen har eleven eit godt forhold til, evt. eit negativt forhold til?	
Situasjonar der eleven klarer å møta på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kvifor gjekk det bra denne gongen?	
Er skuledagen organisert, strukturert og føreseieleg for eleven? ( <i>har eleven oversikt over skuledagen og skuleveka, kva lærara/assistentar som er inne i dei ulike timane, kven eleven skal gå til dersom det er behov for ein samtale etc</i> )	
Kva viktige vaksenrelasjonar har eleven på skulen? Fungering?	
Har eleven vener/ gode vener?	
Eleven sine ynskje og mål for korleis skulesituasjonen skal vera?	
FORSLAG TIL TILTAK:	

Dato og underskrift: \_\_\_\_\_

## SJEKKLISTE FOR KARTLEGGING - FORELDRE/ FØRESETTE

KARTLEGGING AV SKULESITUASJONEN	NOTAT
Foreldre/føresette si oppleving av eleven sin generelle trivsel, på skulen og fritida	
Foreldre/føresette si skildring og forståing av eleven sine vanskar. Kva tenkjer foreldre er forklaringa?	
Bli eleven plagt eller mobba på skulen, skulevegen eller i fritida?	
Skildring av evt. vegringsåtfærd heime ( <i>er det vanskeleg å få eleven til å gå på skulen om morgonen, har eleven fysiske plager i samband med krav om skuleoppmøte, men er elles frisk</i> )	
Dersom eleven har fråvær, kva skjer i tida eleven er borte frå skulen? ( <i>skulearbeid, dataspel, besøk av familie, ekstra merksemd frå foreldre/føresette, treff vener utanfor skulen</i> )	
Helsemessige tilhøve av betydning for eleven si fungering og fråvær ( <i>evt sjukdomshistorikk, søvnrytme, matlyst, lege</i> )	
Har det skjedd brå endringar eller belastningar i familien som kan settast i samband med eleven sine vanskar? ( <i>skilsmisse, flytting, søsken, sjukdom etc</i> )	
Enkelt situasjonar der eleven klarer å møte på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva tankar har foreldre/ føresette kvifor gjekk det bra i situasjonen?	
Foreldre/ føresette si ansvarsdeling når det gjeld å følgja opp skule og skuleoppmøte?	
Samarbeider familien med andre instansar?	
Har familien andre støttespelarar?	
Kva tiltak er prøvd heime og korleis har desse fungert? ( <i>morgonrutine, byte av rolle mellom foreldre/føresette, samtale med eleven, søvnmønster, søvn utan mobil/TV/data</i> )	
Foreldre sine ynskje og mål for eleven sin framtidige fungering?	
<b>FORSLAG TIL TILTAK:</b>	

Dato: \_\_\_\_\_ Underskrift: \_\_\_\_\_

#### 4. Vedlegg: SAMARBEIDSAVTALE

<b>MELLOM ELEV, SKULE, FORELDRE/ FØRESETTE OG EVT. ANDRE INVOLVERTE</b>	
Stad og dato: Desse var med i utforminga:	
<b>LANGSIKTIG MÅL FOR SAMARBEIDET</b> (Det langsiktige målet vil som regel vera at eleven går på skulen kvar dag etter avtalt timeplan)	
<b>DELMÅL OG TILTAK.</b> Delmåla vil vera ei auka utfordring for eleven og skal leggja til rette for meistring. Viktig å spesifisera tid for delmål (fag/ situasjon/ dagar med deltaking/ behov for tilrettelegging/støtte i utfordrande situasjonar).	
DELMÅL, STEG 1: Tiltak:	
DELMÅL, STEG 2: Tiltak:	
DELMÅL, STEG 3: Tiltak:	
<b>ANSVARSEDELING:</b> Alle involverte partar skal ha sine ansvarsområde Leiinga ved skulen har ansvar for: Kontaktlærer har ansvar for: Foreldre/føresette har ansvar for: Eleven har ansvar for: Andre involverte partar har ansvar for:	
<b>PLAN B:</b> Dersom eleven ikkje møter som avtalt skjer dette (Spesifiser kven som gjev informasjon/ ringjer til kven og kven som gjer kva for å leggja til rette for at eleven skal delta)	<b>ANSVARLEG:</b>
<b>Signatur på avtalen:</b>	
<b>EVALUERING AV SAMARBEIDSAVTALE</b>	
Stad og dato: _____ Desse var med på evalueringa: _____	
<b>EVALUERING AV MÅL OG TILTAK:</b> Evaluering av mål og delmål. Evaluering bør også skje kvar dag saman med eleven med vekt på meistring av delmål. Evaluering av samarbeidsavtalen skal gjerast innan tre veker frå utarbeida plan. Vurdering om tiltaka har vore effektive.	
DELMÅL, STEG 1:	
DELMÅL, STEG 2:	
DELMÅL, STEG 3:	
PLAN B:	
Basert på evalueringa er det gjort vurdering av behov for ny samarbeidsavtale/ og eller vidare tilvisning til PPT, BUP, Barneverntenesta eller andre instansar	
<b>Signatur på evaluering:</b> _____	





## 6. Vedlegg: SAMTYKKEERKLÆRING

### SAMTYKKE TIL INFORMERT, AVGRENSA OPPHEVING AV TEIEPLIKTA

Namn	Personnr
Adresse	Postnr og stad:
Telefonnr/mobilnr	Bustadkommune/statsborgarskap

Det vert med dette gjeve samtykke til at \_\_\_\_\_ (tenesteytar/eining)

utan hinder av teieplikta kan henta opplysningar frå gjeldande instansar:

---

---

---

---

---

Saka gjeld: \_\_\_\_\_

Opplysningar skal nyttast til: \_\_\_\_\_

Samtykkeerklæringa gjeld frå - til: \_\_\_\_\_  
(Samtykkeerklæringa kan trekkjast tilbake)

Underskrift: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

Underskrift foreldre/verge: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

Underskrift tenesteytar: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

---

Når tenestemottakar ikkje har samtykkekompetanse, skal samtykket underteiknast av næraste pårørande eller hjelpeverge. For barn under 18 år skriv foreldre under; men etter 15 år skal barnet sjølv skriva under saman med dei. Ved fylte 16 år, kan barnet nekta foreldre kjensskap til helseopplysningar. **Lovheimlar for teieplikt:** Forvaltningslova §13-13e, Pasientrettighetslova §3-6, Helsepersonellova kapittel 5 §21-25, Barnevernlov §6-7, Sosialtenestelova §8-8, opplæringslova §5-4 og §15-4 og Folketrygdlova § 21-9, 25-10 og 25-11



## IX. KJELDER:

### LITTERATUR:

Kearney C.A. & Albano A.M. (2007) *When children refuse school* Oxford university press

Kearney C.A (2001) *School refusal behavior in youth*. American psychological association

Stallard Paul (2009) *Anxiety Cognitive Behaviour Therapy* Routledge

Thambirajah M.S. & Grandison K.J & De-Hayes L. (2008) *Understanding school refusal* Jessica  
Kingsley Publishers

Sållmann JI & Holden B (2010) *Skolenekting. Årsaker, kartlegging og behandling*.

Kommuneforlaget.

Oslo kommune Utdanningssetaten (2009). “*Skolevegring. En praktisk og faglig veileder*”

Utdanningsdirektoratet sin veileder: “*Hvordan kommuner og skoler systematisk kan håndterer situasjoner der barn ikke møter i grunnskolen*”, datert 12.07.2011

Stavanger kommune: *Prinsipp og retningslinjer for tiltak mot alvorlig skolefravær* (2012)

Aurland kommune: *Handbok- skulevegring* (2011)

Nittedal kommune: *Alvorlig skolefravær: en veileder for forebygging og oppfølging* (2010/11).

KS si veileder : *Taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn- ungdom- familier* (2013)

Mobbepplan, Etne kommune

### INTERNETTKJELDER:

Kunnskapsdepartementet. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. Opplæringslova

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/lover\\_regler.html?id=313564](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/lover_regler.html?id=313564)

Voksne for barn: *Artikkel nr 17 “Skolevegring”* <http://www.vfb.no/no/tema/s/skolevegring/>

KAT-kassen <http://www.cat-kit.com/?lan=no&area=catbox&page=catbox>

Psykologisk førstehjelp for barn/unge

<http://www.haugenbok.no/visverk.cfm?cid=204834&gclid=CKj0uNLW-7oCFYmN3godyF4A-w>

Forskrift om miljøretta helsevern for barnehage og skule, <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928> og <http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Publikasjoner/IS-2073-Veileder.pdf>

*Video: Den naudsynte samtalen (Korus)*



## X. PROSEDYRE: FRITAK FRÅ OPPLÆRINGSPLIKTA

Opplæringslova §2-1, 4.ledd

<i>Id</i>	<i>Kva</i>	<i>Heimel</i>	<i>Ansvar</i>	<i>Anna merknad</i>
1.	<b>FASE 1 FØRSTE FASE</b>			
1.1	Føra og dokumentera fråvær		Kontaktlærer	Kontinuerleg
1.2	Om ikkje foreldre/føresette tek kontakt, tek kontaktlærer kontakt med heimen etter 3 dagar		Kontaktlærer	Det kan gjevast permisjon inntil to veker ut frå opplæringslova §2-11
1.3	Om fråværet er lengre enn to veker, vert rektor informert skriftleg.		Kontaktlærer	Gjeld også fråvær ved sjukdom.
1.4	Kontaktlærer og rektor har møte og går gjennom fråværet. Foreldre/føresette vert kalla inn til møte.		Rektor/ kontaktlærer	Informera foreldre/føresette om saksgang. Tiltak blir avtalt.
2.	<b>FASE 2: ANDRE FASE</b>			
2.1	Foreldre skaffar dokumentasjon frå lege på fråværet <sup>1)</sup>		Foreldre/ føresette	Ein elev kan bli fritatt frå opplæringsplikta i enkelte situasjonar, t.d. ved alvorleg sjukdom
2.2	Foreldre skriv <b>SAMTYKKEERKLÆRING</b>	<i>Oppl.l §2-1, 4.ledd</i>	Rektor	Samtykke vert gitt til at PPT kan gjera sakkunnig vurdering etter §2-1,4.ledd
3.	<b>FASE 3: SAKKUNNIG VURDERING</b>	<i>Oppl.l §2-1, 4.ledd</i>		
3.1	PPT undersøker saka saman med elev, foreldre/føresette og skule og skriv sakkunnig vurdering etter §2-1, 4.ledd	<i>Oppl §5-4</i>	PPT	Saksutgreiingstid 1 månad. Utgreiinga må dokumentera fag og timetal.
4.	<b>FASE 4: VEDTAK OG KLAGE</b>			
4.1	Kommunen v/ kommunalsjef fattar einskildvedtak til elev sitt beste.	Forv. lova §11a	Kommunalsjef	Einskildvedtak kan gje eleven rett til å få opplæringa igjen på eit seinare tidspunkt.
4.2	Vedtak blir sendt til foreldre/føresette og skulen		Kommunalsjef	
4.3	Informera føresette om klagerett	<i>Forv.lova §28</i>	Kommunalsjef	Einskildvedtaket skal informera føresette om retten til å klage.
4.4	Handsama eventuell klage på vedtak	<i>Oppl.l. §15-2</i>	Kommunalsjef	Dersom vedtaket blir oppretthalde, skal klage sendast til Fylkesmannen
4.5	Arkivering av vedtaket		Kommunen	Websak- elektronisk elevmappe



- 1) Lege skriv dokumentasjon (sakkunnig uttale knytt til helse) og PPT skriv sakkunnig vurdering (knytt til opplærings situasjon). Sakkunnige vurderingar kan i slike saker gjelda for ein kortare periode. Er barnet innlagt på sjukehus, er det Fylkeskommunen som har ansvar for opplæring; også evt. fritak.



**ETNE KOMMUNE**

*Ikkje offentleg*

<b>ID</b>
<b>Mal...</b>

## **XI. Sakspapir – Adm.vedtak**

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Delegert avgjerdsorgan:</b>	<b>Vedtaksdato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Sakshands.</b>
Administrativt Vedtak – Undervisning	xx.yy.2014	Xxx/xx	
Saksansv .: NN		Arkiv: DATO-xxxx0 Objekt:	<b>Arkivsaknr</b>

### **Vedtak etter opplæringslova §2-1,4.ledd Rett og plikt til grunnskuleopplæring**

#### **1. Saksdokument:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	xx.yy.	PPT	Sakkunnig vurdering etter opplæringslova §2-1 – Rett og plikt til grunnskuleopplæring

#### **2. Saksopplysningar:**

Frå PPT Etne og Vindafjord er kome sakkunnig vurdering etter opplæringslova §2-1, 4.ledd for NN, fødd xx.yy.zz.

<Bustad>

<Tilråding>

NN har ifølge PPT rett og plikt til fullført grunnskuleopplæring ut frå opplæringslova §2-1

*“Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført tiande skuleåret. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen heilt eller delvis vedta å frita ein elev frå opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier dette.*

*Ein kommune kan etter søknad velja å la ein elev gå eit ekstra år i grunnskulen dersom det i det einskilde tilfellet verkar føremålstenleg. Ettersom retten til vidaregåande opplæring er knytt til fullført grunnskule og ikkje eit visst tal på år eller til eit visst alderssteg, går eit slikt år ikkje ut over retten for*

*elevane til vidaregåande opplæring skal berre gjevast. Fritak skal berre gjevast i heilt spesielle unntakstilfelle, først og fremst der det er urimeleg overfor eleven å gjennomføra opplæringsplikta med normal progresjon. Elevar som blir fritakne for opplæringsplikt, mister difor ikkje dermed opplæringsretten, og dei skal ha rett til å koma tilbake for å fullføra grunnskulen på eit seinare tidspunkt.”*

### **3. Vurdering:**

<Grunngjeving>

Inntakssamtale

Kartlegging

Timtal i fag som er berørt av fritaket

Behov for fritak/ delvis fritak (*melding frå lege, BUP, andre*)

<Konklusjon>

### **4. Vedtak:**

1. NN, f. xx.yy.zzzz, får rett til fritak frå opplæring (heilt, delvis)

2. Retten gjeld for fritak frå.....(dato). til .....(dato)

3. Retten gjeld faga.....

*Til vedtaket er det knytt klagerett etter Forvaltningslova §§28 og 29. Klagefristen er 3 veker etter at de er gjort kjente med vedtaket. Klageinstansen er Fylkesmannen i Hordaland, men klagen skal sendast til Etne kommune, postboks 54, 5591 Etne. Dersom vedtaket det er klaga på vert oppretthalde i kommunen, vert klagen sendt vidare til fylkesmannen i Hordaland som er klageinstans etter opplæringslova §15-2.*



ETNE KOMMUNE

## XII. SAMTYKKEERKLÆRING

FOR VURDERING OM FRITAK ETTER OPPLÆRINGSLOVA §2-1, FJERDE LEDD

Gjeld elev: ..... Født: .....

Skule:.....

Rett og plikt til grunnskuleopplæring følger av opplæringslova §2-1. I opplæringslova §2-1, 4.ledd står det: *«Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skuleåret. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen heilt eller delvis frita ein elev for opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier dette.»*

Det vert med dette gjeve samtykke til at PPT for Etne og Vindafjord utarbeider ei sakkunnig vurdering med formål å få vurdert om

.....

kan fritakast heilt eller delvis frå opplæringsplikta. På bakgrunn av PPT si sakkunnige vurdering vil kommunalsjef i Etne kommune fatta vedtak etter opplæringslova §2-1, fjerde ledd.

Stad/dato:.....

Underskrift foreldre/føresette: .....

Underskrift elev (over 15 år): .....

*Foreldre/føresette og elev (frå 15 år) har innsynsrett i alle grunnlagsdokument i saka*